



Årsmelding 2023





Innhold

Forord	3
1. Om vassområdet	3
2. Organisering av vassområdet	4
3. Aktivitet i 2023	5
3.1. Oversikt over aktivitet i vassområde	5
3.2 Miljøundersøkingar i vassområdet	8
3.3 Anna aktuelt	8
4. Deltakar i utval og grupper	9
5. Rekneskap for 2023	11
6 Budsjett for 2024	13
Vedlegg 1	

Forsidebilde:

Petarteigselva (vann-nett Stord bekkefelt vest ID 044-38-R), Stord kommune. Foto: Kari Bjørndal

Forord

Sunnhordland vassområde er eit samarbeidsorgan for kommunar, statlege styresmakter og fylkeskommunen, for å ivareta oppgåver etter vassforskrifta i vassområdet. I tråd med vassforskrifta skal vassområdet arbeide for å «...sikre helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene» (vassforskrifta §1). Vidare skal ein sikre at alle vassførekomstar minst skal oppretthalde eller oppnå god økologisk og god kjemisk tilstand.

I planperioden 2022 – 2027 skal vedteken forvaltningsplan og tiltaksprogram gjennomførast, og ein revidert plan for neste planperiode (2028-2033) skal utarbeidast i siste del av planperioden. Vassdraga, grunnvatnet og fjordane i vassområdet skal forvaltast på ein slik måte at miljømåla for vassførekomstane blir nådd. Vassområdeutvalet skal bidra til å kartlegge tilstand og påverknadar i vassførekomstane i vassområdet. Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag gir grunnlag for å vurdere om miljømåla vert nådd. For vassførekomstar i risiko skal kommunane og dei andre sektorstyresmaktane foreslå nødvendige tiltak for å nå miljømåla. Vassområdeutvalet er ei samarbeidsarena for heilskaplege vurderingar av kunnskapsgrunnlaget og behov for tiltak.

1. Om vassområdet

Dei 9 kommunane som inngår i Sunnhordland vassområde er Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes og Vindafjord. I tillegg har delar av Kvam mindre areal innanfor vassområde. Arealet er 4816 km².


Store deler av Sunnhordland vassområde er plassert i Ytre Hardangerfjord og har god vassutskifting av kystvatn, men det er også mindre terskelfjordar som gjer enkelte vassførekomstar meir sårbare for påverknadar. I vassområde er både industri og havbruk store næringar, vasskraft er mest utbygd i Etne og Kvinnherad, og jordbruk er ei viktig næring i fleire av kommunane. Topografien er dominert av korte avstandar frå fjell til fjord innanfor vassområdet.

Sunnhordland vassområde har 545 vassførekomstar fordelt på kyst (40) grunnvatn (9), innsjø (120) og elv (376). Økologisk tilstand for overflatevatn (naturlege) er god eller svært god for 62% av vassførekomstane, 34 % har moderat tilstand og 4 % har dårleg eller svært dårleg tilstand.



Sunnhordland vassområde ligg lengst sør i Vestland vassregion. Grensene mellom vassområda følgjer nedbørgrensene.

2. Organisering av vassområdet



Prosjektplanen for 2022 – 2027 omtalar bakgrunn, mål, organisering, oppgåver, framdrift og økonomi for vassområdeutvalet.

Vassområdekoordinator utfører det daglege arbeidet og er kontaktperson og sekretær for vassområdet. Vassområdekoordinator er tilsett i Vestland fylkeskommune i 100 % stilling (50% Sunnhordland vassområde og 50 % Vestland vassregion) og har kontorstad Bergen og Stord.

Drifta av vassområdet er finansiert gjennom eit spleiselag mellom fylkeskommunen og Miljødirektoratet (50 %) og kommunane i Sunnhordland vassområde (50 %). Forutan å drifte vassområdet, jobbar vassområdekoordinator i hovudsak opp mot kommunane som er med i spleiselaget.

Nærare omtale av vassområdeutval, administrativ gruppe, referansegruppe og temagruppe står omtalt i [prosjektplanen](#).

Sunnhordland vassområdeutval fungerer som styringsgruppe for arbeidet i vassområdet, med ein politisk vald og ein administrativ representant frå kvar kommune, i tillegg til representantar frå fylkeskommunen, Statsforvaltaren, NVE, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Statens vegvesen og Kystverket.

3. Aktivitet i 2023

3.1. Oversikt over aktivitet i vassområde

Vassområdeutvalet hadde møte den 10.03.23 (årsmøte) på Stord. Leiar av Sunnhordland vassområdeutval og ordførar i Kvinnherad kommune, Hilde Enstad, leia møte. Referat ligg på [Sunnhordland vassområde \(vannportalen.no\)](#)

Godkjent vassforvaltningsplan skal leggest til grunn for regionale organs verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jf. Vassforskrifta § 29. Ei føresetnad for å nå miljømåla er at vassforvaltning er godt forankra i kommunale planar. Dette vert det jobba medviten med, men er noko som kan bli endå betre. Vestland vassregion har utarbeida ei sjekklister for vassmiljø og kommunale planer, og det er venta ei nasjonal rettleiar til dette føremålet i 2024.

Vassforvaltninga skal vere kunnskapsbasert og difor er oppdatering i vann-nett ei kontinuerleg og prioritert oppgåve i vassområdet. Miljøovervaking i regi av vassområdet tek ansvar for at data blir lagt inn i vannmiljø og vann-nett, og at rapportar kjem inn i vann-nett, men skal me ha eit best mogleg kunnskapsgrunnlag om vatnet må alle som er oppdragsgjevar på undersøkingar i vatn sørgje for at data blir lagt inn i vannmiljø (data i vannmiljø blir importert inn i vann-nett).

Gjennomføring av tiltak som kommunane sjølv har spelt inn til tiltaksprogrammet/vann-nett er eit viktig arbeid. Vok har besøkt 8 av 9 kommunar i 2023 der tiltaksgjennomføring var hovudformålet med møtet. Etter kvart som tiltaka skrider fram oppdaterer vok dette i vann-nett når det blir informert om. Kravet i vassforskrifta er at tiltaket skal vere starta opp seinast innan 3 år etter at det er vedteke (16.03.22).

Heimesida til Sunnhordland vassområde har blitt oppdatert i 2023 for å gjere det enklare å halde seg oppdatert om vassområdet
<https://www.vannportalen.no/vannregioner/vestland/vassomrade/sunnhordland/>.

Sunnhordland vassområde har samarbeida om eutrofiovervaking i Vestland i 2023 og rapporten er venta i medio april 2024.

Det vert jobba etter rapporten «Habitatkartlegging for sjøaure i 2021 med forslag til tiltak» (elvar i Stord og Fitjar) i 2023. Det har vore gjennomført tiltak i 2 vassdrag i regi av Stordøy Jeger og Fiskarlag med midlar frå Sunnhordland vassområde/Miljødirektoratet, Vestland fylkeskommune/

Miljødirektoratet og Statsforvaltaren i Vestland. Hardanger Villfisklag har stått for prosjektering av tiltaka.

Det er laga ein prosjektplan for habitatkartlegging av sjøaurebekkar i Sunnhordland vassområde i perioden 2024-2027: Bømlo (2024), Kvinnherad (2025), Etne (2026) og Sveio + Tysnes (2027). Overordna mål er å arbeide for å styrke lokale bestandar av laks og sjøaure i fjord og vassdrag. Målet er å få ein kartlegging av sjøaurebekkar med fokus på morfologiske påverknadar og mogleg tiltak for betre gyte- og oppvekstforhold for sjøaure. Noko som vil bidra til å betre miljøtilstanden.

Faggruppe Avløp har hatt 2 møte i 2023; eit i Kvinnherad (januar)og eit i Fitjar (august). Alle møta i faggruppe avløp har vore fysiske til no etter ønskje frå kommunane. Opprydding i spreidd avløp er ei stor oppgåve for kommunane framover og målet er at faggruppa vil bidra positivt til at kommunane skal lukkast med dette.

Tabell 1 Oversikt over møter, synfaringar, arrangement i vassområdet 2023

Møte i	Dato	Hovudtema for møte / synfaring/aktivitet
Vassområdeutval	10.03.23	Årsmøte
Administrativ gruppe	16.05.23	Presentasjon av rapport (miljøovervaking), oppdatering om arbeidet, planlegge kommunebesøk og fagmøte.
Referansegruppe		
Faggruppe avløp	24.01.23	Kartlegging med GIS (Vann Vest) og tilknytning til offentleg avløp (Kvinnherad kommune).
Faggruppe avløp	29.08.23	Sakshandsaming i kommunen etter kap. 12-5, lokal forskrift etter § 11-4
Separate møte med kommunane	24.01.23	Orientering om vassforvaltning i Kvinnherad kommune (plan, teknikk og miljøutvalet).
	31.05.23	Kommunebesøk Haugesund, tiltaksstatus
	02.06.23	Kommunebesøk Sveio, tiltaksstatus
	07.06.23	Kommunebesøk Stord, tiltaksstatus
	08.06.23	Kommunebesøk Fitjar, tiltaksstatus
	14.06.23	Kommunebesøk Kvinnherad, tiltaksstatus
	15.06.23	Kommunebesøk Etne, tiltaksstatus
	26.10.23	Kommunebesøk Bømlo, tiltaksstatus
	28.22.23	Kommunebesøk Vindafjord, tiltaksstatus
Synfaring	06.09.23	Synfaring Petarteigselva i lag med Stord kommune
	08.11.23	Synfaring Petarteigselva i lag med Stordøy Jeger og Fisk
Møte med Fiskegruppe Stordøy j&f	01.03.23	Tiltak sjøaure Stord, økonomi
Møte med Bømlo fisk	10.11.23	Habitatkartlegging Bømlo 2024

Tabell 2 Samla oversikt over aktivitet i vassområdet. VOU = vassområdeutval.

VOU	Adm. gruppe	Faggruppe	Temamøte	Referansegruppe	Møte med kommunar enkeltvis	Synfaringar	Anna
1	1	Avløp: 2			9	2	

I 2023 har følgende informasjon/orienteringar/invitasjonar vert sendt til:

Informasjon sendt til	Dato	Hovudtema i informasjon
Vassområdeutval	21.02.23 10.03.23 11.04.23	Innkalling til møte politisk + adm Påminning og oppdaterte dokument Info om referat mm på vannportalen
Administrativ gruppe	21.02.23 10.03.23 11.04.23 18.04.23 15.08.23 36.09.23	Innkalling til møte politisk + adm Påminning og oppdaterte dokument Info om referat mm på vannportalen Innkalling til møte adm gruppe Info om webinar hamnespy (Statsforvaltaren i Vestland) Oppmoding om å delta på digital forureiningsveke SF)
Faggruppe avløp	09.08.23 25.09.23	Innkalling til møte 29.08.23 Info om referat på vannportalen

Vassområdekoordinator har i 2023 deltatt på følgjande møte/arrangement/seminar:

Seminar/konferanse/møte	Dato	Tema/ merknad
Møte med fiskeforvaltar i Vestland	11.01.23	Planlegge habitatkartlegging i Sunnhordland 2024-2027
Naturmangfaldsveka 17.-20. januar	17.01.23	Arealbruk, eutrofi,
Kurs i prosessleing modul I og II		Januar (2 dagar) og mars (3 dagar)
Vok samling Bergen 8.-9.02.23		Dele erfaringar
Seminar om KU for kommuneplan i sjø	20.04.23	Bergen
Frå rødt til grønt - Akvakulturnæringa	20.04.23	Bergen
Villaks konferansen 2023	25.- 26.04.23	Trondheim
Rosendalsveko 2023	07.- 08.08.23	Rosendal
Restaurering og naturbaserte løsnings langs kysten	24.08.23	NIVA
Vann og økt skogsdrift	04.09.23	Norsk vannforening/Tekna
Vok samling	19.- 21.09.23	Stadt
Digital forureiningsveke Vestland	26.09.23	Statsforvaltaren i Vestland
Digital forureiningsveke Vestland	28.09.23	Statsforvaltaren i Vestland
Naturrestaureringskonferansen (digitalt)	30.- 31.10.23	Miljødirektoratet
Fagseminar om AI og ChatGPT	22.11.23	Atheno
Naturmangfald i kommunal planlegging (digitalt) KS	24.11.23	Berekraftsmål 14 og 15, livet i havet og livet på land, i kommunal planlegging. KDP for naturmangfald

3.2 Miljøundersøkingar i vassområdet

Det er gjennomført miljøundersøkingar i 5 innsjøar i Sunnhordland vassområde i 2023, i samsvar med delprogram eutrofi. Arbeidet er gjennomført som ein del av eutrofi overvakinga for heile Vestland vassregion. Føremålet er å følgje utviklinga i vassførekomstane som har for dårleg vasskvalitet grunna avrenning frå spreidde avløp og frå landbruk før, under og etter gjennomføring av tiltak. Statsforvaltaren i Vestland koordinerer arbeidet og rapporten er venta medio april 2024. Konsulent: Faun Naturforvaltning AS.

Tabell 3 Oversikt over miljøundersøkingar i vassområdet i 2023. Detaljar med stasjonsnett ligg i vedlegg 1.vf= vassførekomst.

Vasskjemisk overvaking (eutrofi forsureing, miljøgifter)	Begroingsalgar, heterotrof begroing, planteplankton	Botndyr	Fisk
Eutrofi: 30 vassprøver i innsjøar fordelt på 5 vassførekomstar/innsjøar (Faun Naturforvaltning AS)	Eutrofi, planteplankton: 30 prøver i 5 innsjøar (Faun Naturforvaltning AS)		

3.3 Anna aktuelt

Styrka marin innsats i Vestland – berekraftig sjømat – eit samarbeidsprosjekt

Vestland fylkeskommune har starta opp eit 3-årig prosjekt for å styrke den marine innsatsen. Prosjektet er førebels eit samarbeid med Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Statsforvaltaren, Sjømat Norge og Innovasjon Norge. Den styrka marine innsatsen femnar først og fremst om problemstillingar innan berekraftig akvakultur og verdikjeda kring akvakultur. Det overordna målet med innsatsen er å legge til rette for ei styrka verdiskaping innan akvakultur i Vestland, samstundes som det blir lågare avtrykk på klima, miljø og naturmangfald. I tillegg er det viktig at innsatsen bidreg til at vi når miljømåla etter vassforskrifta. Vi må og drive akvakultur på ein berekraftig måte i tråd med EU sin taksonomi for berekraftige økonomiske aktivitetar (klassifiseringssystem som angir kriterium for kva aktivitetar som kan reknast som berekraftige).

For å få til den ønska utviklinga må vi saman gjere vårt for å vere med å løyse utfordringane innan m.a. arealbruk, lus, rømming, berekraftig fiskefôr, slam og andre avfallsressursar, fiskehelse og fiskevelferd. I dette prosjektet har vi forma seks innsatsområde som skal medverke til den ønska utviklinga:

1. God planlegging og oppdaterte arealplanar
2. Kompetanse og rekruttering
3. Forsking og utvikling
4. Møteplassar og nettverk
5. Påverknad av rammevilkår
6. Ressursutnytting og verdikjeder.

«Me berre gjer da»

Fjortinget har vedteke at det skal bli utarbeida ein heilskapleg plan for reinare og rikare Hardangerelvar og fjord, under parolen: «Me berre gjer da». Prosjektet er tverrfagleg og skal samle kunnskapsgrunnlaget (forskningsbasert) om vassdrag og fjorden, og sjå på korleis tilstanden kan bli utbetra. Tiltaka skal bli prioritert etter forventa effekt og gjennomførast i tråd med dette. Eit overordna mål er å utvikle ein prosjektmodell som har overføringsverdi til andre tilsvarende

økosystem. Tiltaka skal bidra til at vi når måla i høve FN sitt restaureringsmål, EU sitt vassdirektiv og andre viktige forvaltningsmål for Hardangerelvane og Hardangerfjorden.


4. Deltakar i utval og grupper

Vassområdeutval

Medlem	Politisk representant	Administrativ representant
Bømlo kommune	Sammy Olsen Vara:	Njål Gunnar Slettebø/Katrine Strand Sæterbø
Etne kommune	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim Vara: Kenneth Lyng Karlsen	Erik Kvalheim
Fitjar kommune	Harald Rydland Vara: Sigurd Andre Maraas	Marlene Sørli
Haugesund kommune	Tor Inge Eidesen Vara: John Sverre K. Rønnevik	Karianne Bakkevik
Kvinnerad kommune	Hilde Enstad Vara: Leif Sverre Enes	Synneve Skei
Stord kommune	Nancy Johanne Aasheim Vara: Magne Andresen	Marlene Sørli
Sveio kommune	Andre Mundal Haukås Vara: Lars Einar Hollund	Gjertrud Svartveit Osmundsen
Tysnes kommune	Kåre Martin Kleppe Vara: Arne Leite	Morten Anthonessen
Vindafjord kommune	Ole Johan Vierdal Vara: Gustav Løge Fosse	Signe Theilmann Jensen/Gaute Widerøe Hennig
Vestland fylkeskommune		Merete Farstad/ John Anton Gladsø/Kari Bjørndal
Statsforvaltaren i Vestland		Julie Marie Andersen
Fiskeridirektoratet region Vest		Ola Midtun/Anders Ommundsen
NVE		Stein W. Johansen/Håkon Berg Sundet
Kystverket		Lasse Aase Tønnesen
Mattilsynet Sør og Vest		Eli Marie Thompson/Hulda Bysheim
Statens vegvesen		Thorbjørn Hasund

Administrativ gruppe

Kommune	Administrativ representant
Bømlo kommune	Njål Gunnar Slettebø/Katrine Strand Sæterbø
Etne kommune	Erik Kvalheim
Fitjar kommune	Marlene Sørli
Haugesund kommune	Karianne Bakkevik
Kvinnherad kommune	Synneve Skei




Stord kommune	Marlene Sørli
Sveio kommune	Gjertrud Svartveit Osmundsen
Tysnes kommune	Morten Anthonessen
Vindafjord kommune	Signe Theilmann Jensen/ Gaute Widerøe Hennig

Faggruppe avløp

Etat, organisasjon	Administrativ representant
Bømlo kommune	Katrine Strand Sæterbø Kåre Valde
Etnes kommune	Astrid Vestø/Monika Sævareid/ Kathrine Tungesvik Matre
Fitjar kommune	Marlene Sørli
Haugesund kommune	Karianne Bakkevik
Kvinnherad kommune	Synneve Skei Egil Eide
Stord kommune	Per Jarle Valvatnet Marlene Sørli
Sveio kommune	Gjertrud S. Osmundsen
Tysnes kommune	Ingrid Tysnes Stue
Vindafjord kommune	Wilhelm Fjetland Trodahl Gaute Widerøe Hennig

Referansegruppe i vassområde

Organisasjon/interessent	Kontaktperson
Namn på org..	Namn




5. Rekneskap for 2023

Sunnhordland vassområde	2023	2023
	Budsjett	Rekneskap
UTGIFTER		
Prosjektleiing	400 000	479 345
Møter, reiser, kurs	50 000	32 644
Vassanalysar og overvaking	375 000	267 756
Sjøaureprosjektet	560 000	242 308
Sum utgifter	1 385 000	1 022 053
INNTEKTER		
Frå kommunar	- 300 000	- 312 001
Frå fylkeskommunen/MD	- 300 000	- 312 000
Statsforvaltaren miljøovervaking	- 70 000	- 70 000
Haugaland vassområde (etterbetaling)	- 40 000	- 40 000
Sum inntekter	-710 000	- 734 001
RESULTAT		
Bruk (+)fond	+ 675 000	+ 288 052
Saldo pr 01.01.23	- 1 006 285	
Saldo pr 31.12.23	- 1 144 595	

KOMMENTARAR TIL REKNESKAP 2023

Vassområdet sine driftsutgifter dekkast av eigenandeler frå deltakande kommunar, og med faste midlar frå fylkeskommunen og Miljødirektoratet.

Rekneskapen syner eit underskot i 2023 på kr 288 052 som er dekt inn av fond (planlagt).



Inntekter 2023:

Alle 9 kommunane betalte inn til spleiselaget i 2023 kr 312 001, og med ei 50/50 fordeling kom det inn kr 312 000 frå fylkeskommunen/MD. Statsforvaltaren har bidrege med kr. 70 000 til miljøovervaking delprogram eutrofi til Sunnhordland vassområde. Haugaland vassområde har og betalt for miljøovervaking (Oselva og Anndalsbekken, 2022) i Vindafjord kommune etter avtale kr. 40 000.

Utgifter 2023:

Dei største utgiftene har vore løn til vassområdekoordinator (479 345), utgifter til sjøaureprosjektet (242 308) og miljøovervaking delprogram eutrofi innsjø (267 756).

6 Budsjett for 2024

Sunnhordland vassområde 2024 Budsjett


UTGIFTER	
Prosjektleiing	500 000
Møter, reiser, kurs	50 000
Vassanalyser og overvaking	266 000
Habitatkartlegging sjøaure Bømlo + Åreidelva	550 000
Sum utgifter	1 366 000
INNTEKTER	
Frå kommunar	- 320 000
Frå fylkeskommunen/MD	- 320 000
Statsforvaltaren miljøovervaking	-110 000
Habitatkartlegging sjøaure Bømlo (MD)	-250 000
Sum inntekter	-1 000 000
RESULTAT	
Bruk(+)-fond	+ 366 000
Saldo pr 01.01.24	- 1 028 851
Saldo pr 31.12.24	- 662 851

KOMMENTARAR TIL BUDSJETT 2024

Budsjettet for 2024 tar utgangspunkt i prosjektplanen for Sunnhordland vassområde 2022 – 2027, justert for lønsauke.

UTGIFTER:

- I 2024 skal det gjennomførast eutrofi overvaking i elvar der kostnaden for 1 elv er rekna til kr. 30 000. Prisen for 7 elvar blir ca. kr. 210 000.
- Restbeløp eutrofi overvaking i innsjø i 2023 ca. kr 56 000 (eksl. mva) blir fakturert i 2024.
- Habitatkartlegging sjøaure Bømlo; 400 000.




- Åreidelva: Sikre fiskevandring forbi bru. Inntektsført i 2022 og blir fakturert i 2024; kr. 150 000.
- Kurs i spreidd avløp juni 2024, kr. 10 000.

INNTEKTER:

- Bidraga frå kommunane i vassområdet utgjer til saman 320 000 kr, i tråd med prosjektplanen.
- Fylkeskommunen og Miljødirektoratet bidrar til saman med same beløp som kommunane, i tråd med prosjektplanen, 320 000 kr.
- Statsforvaltaren bidreg med kr. 110 000 til miljøovervaking delprogram eutrofi.
- Støtte frå miljødirektoratet til habitatkartlegging sjøaure Bømlø kr. 250 000.

Bruk av fond er rekna til 366 000 i 2024.



Vedlegg 1

Oversikt over miljøovervaking i vassområde i 2023:

Kommune	Vassførekomst	ID vann-nett	ID vannmiljø	Påverknadstype	Type undersøking
Kvinnherad	Opsangervatnet	042-1488-L	042-43227	Sur nedbør, diffus avrenning, jordbruk, spreidd avløp, vasspest, industri	Eutrofi
Stord	Storavatnet	044-22255-L		Diffus avrenning, nedlagt gruvedrift, vasspest, vassuttak	Eutrofi
Bømlo	Storavatnet	043-22224-L		Jordbruk, avløp	Eutrofi
Fitjar	Storavatnet	044-1492-L	044-38013	Jordbruk, avløp, vassuttak	Eutrofi
Sveio	Vigdarvatnet	041-1476-L		Jordbruk, avløp, vassuttak	Eutrofi

Kvalitetselement: Fysisk – kjemiske (KJ) + Planteplankton (PP)